

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 16.02.2024

Vår ref.: 202320163-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Karianne Rognhaugen

kirr@nve.no

Offentleg ettersyn av detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Seltuftvatn - Sunnfjord og Høyanger kommunar

NVE sender med dette detaljplan for miljø og landskap for rehabilitering av dam Seltuftvatn i Sunnfjord og Høyanger kommunar på offentlig ettersyn. Statkraft energi AS søker NVE om godkjenning av detaljplanen.

Nedanfor følger ei oppsummering av vesentlege deler av detaljplanen og tiltaka som er planlagt:

«Stålbukkedammen har krevd omfattende vedlikehold i årene den har vært i drift. Fordi flere av komponentene er passert sin tekniske levetid, og for å unngå uforutsigbare kostnader til drift og vedlikehold er det valgt å rive dagens stålbukkedam i sin helhet, og erstatte dammen med en gravitasjonsdam i betong. Den nye dammen blir ca. 60 m lang og den største høyden blir ca. 3,5 m og er i overløpsdelen. Den vil bestå av to seksjoner, en overløpsdel, og en del med brystning. Begge damdelene har vertikal helning på oppstrøms side, og helning 1:1 på nedstrøms side. Overløpet vil bli plassert sentrisk for å lede vannet direkte i gammelt elveleie.

...Som en del av forbedende arbeid for damrehabiliteringen skal en eksisterende sti fra Markesetvegen ved Fossvatn til dam Seltuftvatn oppgraderes til en anleggsvei. Stien er en gammel adkomstvei fra tidligere arbeid som har grodd igjen... Planlagt anleggsvei skal gi permanent adkomst til dam Seltuftvatn og det planlagt nye strømanlegget i Stordalen. Det skal etter planen legges strøm- og fiberkabel i veien... Veien vil få en bredde på 4m, inkludert skuldre... Det er planlagt en parkerings- og snuplass ved dammen og 6 møteplasser langs veien. Møteplassene er plassert med ca. 300-500 meter internavstand, langs veien der de vil medføre minst inngrep i terrenget... En permanent vei vil gjøre det enklere med drift og vedlikehold av damanlegget og innlagt strømforsyningen og fiber i veien vil gi bedre dekning og følgelig bedre kommunikasjon i området.»

Detaljplanen viser dei ulike anleggsområda og kva permanente og mellombelse inngrep prosjektet vil medføre. Rehabilitering av dam Seltuftvatn er ein av sju dammar tilhøyrande Høyanger K5 kraftverk, som skal rehabiliterast i perioden 2024-2027.



Detaljplanen er tilgjengeleg på NVE si nettside under «bygging og drift»: [Detaljplan for miljø og landskap - rehabilitering av dam Seltuftvatn](#). Generell informasjon om miljøtilsynet si oppfølging av vassdragsanlegg finn de på denne linken: [Miljøtilsyn vassdragsanlegg - NVE](#). Dersom du ønsker en papirversjon, kan du kontakte Ragnhild Melheim på tlf. 41 42 04 84 eller e-post til: ragnhild.melheim@statkraft.com.

NVE legg planane ut til offentleg ettersyn fordi:

- Det er planlagt ein permanent veg opp til Seltuftvatnet på i overkant av 2 km. Tiltaket vart ikkje behandla som ein del av konsesjonen.

NVE si handsaming av detaljplanen

Detaljplanen vert handsama med heimel i vilkår gitt ved kongeleg resolusjon datert 20.05.1988.

NVE skal godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida kan setjast i gang. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår og godkjende planar. Vi vil og kontrollere at anleggsområda vert rydda opp og sette forsvarleg i stand.

Forholdet til plan- og bygningslova

Med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 er vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal likevel vere avklart i høve til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova og energilova. Dette følgjer av lovkommentar til plandelen i plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa og difor er ikkje konsesjonsspørsmålet gjenstand for ny høyring.

Vi ber om uttale på arealbruk, utføring og avbøtande tiltak som er skildra i detaljplanen. Lokale forhold og ny kunnskap om naturmiljøet er relevant. Uttale frå sektormyndigheitar og interesseorganisasjonar bør vere innafor deira ansvarsområde.

Konsesjonæren sitt ansvar

Vi ber Statkraft energi AS om å varsle grunneigarar og andre med rettar i området som vert råka av tiltaket, og samtidig informere om fristen for uttale.

Konsesjonæren har ansvaret for å avklare privatrettslege forhold med dei som vert råka og har rettar i området. I tillegg må konsesjonæren innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida kan ta til.

Uttale til detaljplanen

Alle som har meningar om saka kan sende uttale på ein av følgjande måtar:

- via e-post til uttalelse@nve.no
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo



Merk uttalen med «Uttale» og saksnummer **202320163** i emnefeltet. Oppgi navn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ein interesseorganisasjon/verksemd.

Frist for å sende uttale er 05.04.2024.

Som del av NVE si handsaming vert uttalar eller deler av uttalar referert i utgåande brev. Dersom han er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Av same grunn ønskjer vi å få teksten elektronisk. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

NVE ønskjer tilbakemelding viss viktige partar ikkje er på lista over mottakarar av dette brevet.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Karianne Rognhaugen
Førstekonsulent

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

HØYANGER KOMMUNE
MILJØDIREKTORATET
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Mattilsynet
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
Balestrand og Høyanger Turlag
Høyanger Jakt- og Fiskelag, v/leder Helge Øyehaug
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
SUNNFJORD KOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Christian E. Pettersen

Kopimottakarliste:

STATKRAFT ENERGI AS
Ragnhild Melheim